



Os gymnas, 17.januar 2018

*Vi søker herved om kr.**370 000** for å kunne halde gratis skulefrukost for elevane ved Os gymnas i 2018.*

### **Kostnader og tilbod:**

I fyrste omgang ønskjer vi å servere gratis frukost tre dagar i veka, og vi tar sikte på at omlag halvparten av elevane kjem til å bruke tilbodet, dvs 130 elevar. Vi har berekna 25 kr per frukost.

Det vil bli eit sunt og enkelt tilbod med havregraut, grove rundstykke/brød, grønsaker, frukt, pålegg og mjølk/juice som drikke.

### **Bakgrunn:**

Vi ser at mange elevar ved skulen må reise tidleg frå heimen, og dei vil då ha godt utbytte av å kunne ete frukost før undervisninga. I tillegg ser vi at mange elevar ikkje har ete, men kjøpar seg mat i fyrste friminutt, så det er heilt klart eit behov for eit måltid tidleg på dagen. Mange elevar som kjøper mat brukar ein god del pengar på dette, og nokre elevar har ikkje råd til å handle mat ofte. Med eit gratis tilbod vil vi slik kunne utjamne skilnader slik at alle kan ete sunn mat saman uavhengig av sosioøkonomisk status.

Elevar som har ete lærer betre, og vi vonar konsentrasjonen for å jobbe godt tidleg på formiddagen vil auke. Vi har og hatt ein dialog med naboskulen, Os vgs, som kan vise til ei positiv utvikling i perioden dei har hatt skulefrukost. Andre skular med liknande frukosttilbod har og meldt om gode erfaringar og vi trur at våre elevar kan ha ei liknande positiv utvikling.

Vi ser og moglegheita til å halde skulefrukost som ein ny sosial arena der elevane kan sitje saman. Kantina er i dag eit av dei viktigaste samlingspunkta på skulen, og det å møtast over eit felles måltid kan verke både sosialt, skape nye vennskap og ha ein positiv innverknad på skulemiljøet.

Hilde Paaske-Knauer

Elevinspektør Os gymnas

Trond Eikeland

Rektor Os gymnas